



Terje Leidulv Båtevik
Steinestøvegen 743
5108 HORDVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/317 - 17/29740

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
17.10.2017

Vedkomande søknad om ferdigattest - gbnr 62/24 Tofting

Lindås kommune syner til søknad om ferdigattest for fritidsbustad.

Vurdering:

Fritidsbustaden har fått utsleppsløyve og løyve til felles avlaupsanlegg for bnr. 12,13,14,24 og 27. Det er ikkje sendt inn søknad om ferdigattest eller mellombels bruksløyve for dette anlegget. Vidare er det gjeve mellombels bruksløyve for etablerte avkøyrsløve. Dette løyve går ut etter eit år i frå vedtaksdato.

Før vi kan handsame søknad om ferdigattest for fritidsbustaden må det søkjast om ferdigattest for avlaupsanlegget. Vidare kan vi kun gje mellombels bruksløyve fram til Statens Vegvesen har gjeve ferdigattest for avkøyrsløve. Vidare gjer vi merksem på at det kun kan gjevast mellombels bruksløyve i inntil 2 år.

Når det gjeld avlaupsanlegget stilles det krav til at dette er plassert slik at slamtømmebil kan tømme dette. Det vil sei at avstand i frå slamtømmebil og anlegg ikkje kan vere større enn 100 meter og høgdeforskjell mellom anlegg og bil ikkje skal vere større enn 8 meter. De må difor kunne dokumentere at desse krava er stetta ved søknad om ferdigattest for avlaupsanlegget.

Konklusjon:

Før vi kan handsame søknad om ferdigattest for fritidsbustad må det søkjast om ferdigattest for avlaupsanlegget, samt at det må ligga føre endeleg godkjenning av avkøyrsløve frå Statens Vegvesen.

Saka vert lagt i ro i påvente av overnemde dokumentasjon.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:

Terje Leidulv Båtevik

Steinstøvegen
743

5108

HORDVIK